


Frå: Lygra Grunneigarlag v/ styret: Olav Bjørn Lygre & Ole Tunesdal Bakkebø

Vi viser til vår uttale til samfunnsplanen og vår uttale til arealplanen byggjer på den. Vi vil komme med konkrete forslag til tiltak som vi meiner skal inn i planen. Slik dette systemet er lagt opp, er planen som legg premissane for sakshandsaming av enkeltsaker. Det er difor svært viktig at kommunen legg mykje godt arbeid i planarbeidet og torer utfordre både seg sjølv og andre myndigheter i denne prosessen.


1. I Brusundet vil vi ha eit felles arealprosjekt for fortøyning av båter inn i planen. Dette er eit fellesareal for 11 grunneigarar som vart lagt ut i eit jordskifte i 1972. Vi viser til eit eige notat om denne saka ført i pennen av Arnljot Jordal. Sjå skisse under.



2. Kaihuset/ venteskuret på Meierikaien på Lygra vart utsett for hærverk og reve ned og fjerna for nokre år sidan. Saka vart politianmeldt sidan vi hadde sterke signal om kven som stod bak dette. Saka vart henlagt. Grunneigarlaget ville setje opp att det historiske bygget ( +/- 100 år ), men vi vart møtt av ein kommune som påla oss dispensasjonsøknad og full byggesaksbehandling - med påfølgende gebyr og krav. Samtidig fekk vi tilskot fra kommunen til å setje opp att bygget. ( storleiksorden 10 kvm ) . For å kome oss ut av dette uføret ber vi no om at kommunen legg dette bygget inn i planen. Det ligg korrespondanse i kommunen om denne saka på 58/14. Sjå skisse under.



3. I samband med jordskifte for Lygragrunneigarane sine tidlegare areal på Feste, vart rettar og areal kompensert ved at det vart lagt det ut eit hyttefelt langs Festevatnet. Tomtene vart fradelt og ligg i ein kjede med tomtestorleik på mellom 0.5 til 1 da. I realiteten dreier det seg om ei utviding av eksisterande hyttefelt i dette området. Dette vart i si tid avsett til hytteområde der grunneigarane på Lygra fekk kvar sin tomt som ein del av eit større jordskifte. For å realisere desse tomtene/ hyttefeltet er det naudsynleg at dei vert lagt inn i arealplanen. Sjå skisse under.



4. I aksnen mellom Seim og Lygra/Feste det trøng for å styrke busetjinga. Det vert ikkje lagt ut byggefelt i området av kommunen, så tilgang til tomter må tilretteleggjast på annan måte : Kommunen må i dette området opne opp til spredt busetning. Dette kan uproblematisk gjerast utan å bygge ned drivbar dyrka mark eller utan å skape driftsvansker for jordbrukskontoret . Landbrukskontoret som også har eit ansvar for bygdeutvikling, må kome tettare på prosessar og sakshandsaming. Dagens policy og praksis der kommunen ( og i særleg grad statsforvalter/fylkeskommune ) leiter etter mulegheiter for å setje kjepper i hjula for unge folk som vil busetje seg i dette området, må opphøyre. Dette kan gjerast i arealplanen med påfølgjande retningslinjer. Det må også vere slutt på at « Miljøløftet » mellom Bergen og andre nabokommunar, skal overstyre arealpolitikken i utkantene av Alver kommune.

5. Tidsbruken til offentlege sektorar knytt til desse tomtesakene er uholdbar. Prosessar og sakshandsaming for komprimerast tid - i alle offentlege organ. Kommunen må også tote å utfordre ulike fylkesorgan sin rolle i småsaker som ikkje har regionale og nasjonale interesser.

6. Området i aksnen Seim - Feste/Lygra treng styrke næringsgrunnlaget sitt. Det er viktig at kommunen i planen uttaler legg til rette for slike tiltak også i sjølve arealplanen : Det vere seg vegen/bruksendring av bygningar/frådelingssaker/avkørsler.

Til slutt : Dersom det er trøng for ytterlegare opplysningar om dette innspelet, ta gjerne direkte kontakt med styret i grunneigarlaget .